

Tollevrud eller Finsveen (gnr. 76)

Tollevrud: I dette tilfelle gardnamn som kjem av mannsnamnet Tollev.

Finsveen: Namn der 1. leden truleg er plantenamnet finn, *Nardus Stricta*, fintott.

I skrivne kjelder er det frå 1700-talet fleire gardsbruk med namnet Finsveen i Fåberg. Det er Finsveen i Vingrom og Finsveen både i Nordre og i Søre Ål. Dei kan da av få opplysningar i eldre tid vera lette å forveksle, men ei sak frå 1764 om ”rydningsplassen Findsveen i Faaberg” må sikkert handle om Finsveen eller Tollevrud i Søre Ål, og vi let her denne saka vera utgangspunktet. Saka er elles i ei utskrift av tingboka referert slik:

”Findsveen i Faaberg.

20. juni 1764.

Skyldsetning på rydningspl. Findsveen, som brukes og beboes av Tollev Larsen, hvorunder den i 1761 skeede skyldsetning omstenderligere skal omfattes. Eragtet: At rydningsstedet ligger i bygdens hjemraster og felles sameie bekrefte. Det kan ikke skyldsettes for mer enn det ene skind som det blev takseret for i 1761. Vidden er 396 alen fra nord til syd og 3570 alen fra øst til vest. Oppsiderne på gårdene Langset, Høstmælingen og Hohlen er bøksselberettigede over jorden, hvorimot skatten av det ene skind tilfaller Kongen fra året 1764. Rydningsmannen nyder skog til husfornødenhet.”

Fra same året er elles ei anna sak der Knut Gudmundsen Findsveen hadde innstemnt Tollev Larsen fordi han hadde forderva ein hest som tilhørde citanten.

Seksten år seinare er det vidare fortalt at Knut Gudmundsen var død, og det var skifte på ”Tollevrud eller Finsveen i Faaberg”. Ved dette skiftet vart jordegodset i buet, bruket ”Findsveen” verdsett til 120 rd., og dødsbuet utgjorde i pengar brutto 159 rd. og netto 98 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Rønnaug Amundsdr. dei to borna i ekteskapet: Gudmund og Kari. Av dei var Gudmund da 23 år og Kari 17 år.

Åtte år seinare er det tydeleg fortalt at Tollev Larsen gav skjøte til sin son Even Tollevsen på ”rydningsplassen Findsveen, skyld 1 skind”. Etter dette ser det ut til at Finsveen eller Tollevrud alt da var delt i to bruk. Vi kjem sikkert tilbake til det seinare.

Alt av folketellinga i 1801 går det alt tydeleg fram at da budde 2 familiar i ”Findsveen”, som bruket der er kalla. Dei to familiare var: 1. familie: Niels Christensen, husbonden, 49 år, 2. Rønnaug Amundsdr., kona hans, 67 år, 3. Ole Christensen, bror til husbonden, tømmermann. – 2. familie: 1. Even Tollevsen, husbonden, 37 år, 2. Sigrid Paulsdr., kona hans, 35 år, 3. Ole Evensen, son deres, 9 år, 4. Paul, son deres, 7 år, 5. Mari, dotter deres, 3 år.

I manntalet er det elles ført til seinare at det var bruket som Even og Sigrid hadde som vart kalla ”Tølløvrud”.

Even Tollevsen døde elles alt i 1803, og det var da atter skifte på ”Tollevsrud”: Ved dette skiftet vart bruket taksert for 100 rd., og buet utgjorde brutto 153 rd. og netto 110 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Sigrid Paulsdr. dei da 4 barn i ekteskapet, med di Torger var fødd etter folketellinga og var 2 ½ år i 1803.

Enka Sigrid Paulsdr. gifta seg oppatt med Bent Olsen, og dei fekk i sitt ekteskap sonen Ole, som vart fødd 29. mai 1805. Gardnamnet vart ved det høve skrive ”Tollefsrud”. Bent Olsen

døde elles alt nokre år etter, og den 9. juni 1808 var det atter skifte i Tollevsrud. Ved dette skiftet merker ein seg dessutan at garden vart verdsett til 200 rd., og buet utgjorde brutto 552 rd. og netto 452, så den avdøde husbonden Bent Olsen hadde truleg hatt pengar med seg til gards. Sonen til Bent og Sigrid, vesle Ole, var da 1 ½ år.

Meir om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om "Tøllevrud" fortalt at buskapen av store husdyr der da var 1 hest og 4 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde i vanlege gode år kring 8 tønner. Eigar og brukar var da Ole Nilsen. Men to år seinare skjøta i 1821 Ole Nilsen garden over til Ole Evensen på "Tollefsrud, benevnes ogsaa Findsveen". Matrikkelskylda på garden var framleis 1 skinn.

I tida fra 1821 til 1834 var det så Ole Evensen og Kari Jacobsdtr. som var husbondsfolk og budde i Tollevsrud, og dei fekk i denne tida fleire born. Men i 1836 døde husmora Kari Jacobsdtr., og var da atter skifte i "Tølløvsrud" som garden også da vart kalla. Ved dette skiftet vart "Boets jordegods gårdsparten Tølløvsrud" verdsett til 400 spd., og dødsbuet utgjorde brutto 578 spd. og netto 380 spd. Arvingane ved skiftet var forutan Ole Evensen dei 4 borna i ekteskapet. Av dei var Even da 12 ½ år, Karen var 10 år, Sigrid 5 år, og Johanne var 4 år.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 var det framleis Ole Evensen som var brukar; "Tollefsrud (Finsveen)" fekk da ny matr.skyld: 1 skylddalar 3 ort 13 skilling.

Ole Evensen var framleis eigar og brukar av Tollevrud også i 1854. Han gav da "Pladsseddel" til broren Paul Evensen og "dennes Hustru og Datter med tilkommende Mand paa en Plads under denne Gaard". Etter det var det altså også ein husmannsplass under Tollevrud. – Elleve år seinare skjøta i 1865 Ole Evensen ættegarden til sonen Even Olsen for kjøpesum 400 spd. og føderåd verdsett til 200 spd. Det vart ved handelen elles gjort det atterhald at i tilfelle av handel med garden seinare skulle søskena, altså: Karen, Sigrid og Johanne ha forkjøpsretten.

Same året, altså i 1865, var og den store folke- og jordbrukstellinga, og det vart publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om "Tøllefrud" oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkje da utgjorde 74 mål, og av dette var 23 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det og opplyst at husdyrhaldet på sjølve garden Tollevsrud da var 1 hest, 5 naut og 9 sauer, og dessutan var det på husmannsplassen: 1 ku, og utseden av korn der var ca. ½ tønne. På hovudbruket Tollevrud var dei tilsvarende tal: 2 ½ tn. korn og 2 tn. settepoteter.

Husmannsplassen "Tølløfsrudstuen" er omtala i 1883, Anders Larsen Tollefsrudstuen gav da kjøpekontrakt til Even Olsen Tollefsrud på husmannsplassen Tollefsrudstuen for 600 kr. og dessutan plikt til å forsørge enka Anne Tollefsrudstuen resten av levetida.

Tre år seinare kom i 1886 den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matr.skyld rekna i mark og øre. – "Tollevrud el. Finsveen" fekk da eige gardsnummer, nr. 76, av skyld 3,13 mark, og edt var altså da berre eitt bruksnummer under Tollevsrud. Det var: Grn. 76, brn. 1 Tollevrud, som Even Olsen framleis var eigar og brukar av.

Even O. Tollefsrud brukte ættegarden til i 1897. Da skjøta han garden til Frants Johansen for kjøpesum kr. 5000,- og føderåd av 5-årleg verdi kr. 1500,-. – Frants Johansen hadde elles Tollevrud berre i 5 år. Da selde han i 1902 garden til sønene Gudbrand og Johannes for sum

kr. 9000,- + føderåd av 5-årleg verdi kr. 1000,-. To år seinare er det elles i 1904 opplyst at det da var Gudbrand Fransen åleine som hadde Tollevrud.

I 1908 var det skyldsetningsforretning på Tollevrud, og ein parsel av garden, brn. 2 Solvang av skyld 0,06 vart fråskilt garden og seld til kaptein Fritjof Lund og dampskipsfører M. A. Wilhelmsen for 400 kr. I 1934 kjøpte dessutan professor Bull ein parsell grn. 76, brn. 3 Solvang østre av skyld 0,02 mark.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det altså blitt 3 bruksnr. under gardsnr. 76. Men av desse 3 brn. var det framleis berre 1 jordbruk under gardsnr. 76 som da hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: Grn. 76, brn. 1 Tollevrud med eit jordbruksareal på ca. 150 mål, so G. Tølløfsrud var eigar og brukar av.